



Framtid med rotfeste

Konferanse om kulturminne
og verdiskaping

Stad: Fossheim, Ålvundfjord

15. mars kl. 10 – 16

Arrangør: Ålvundfjord Bygdalag



Framtid med rotfeste

Konferanse om kulturminne og verdiskaping

Stad: Fossheim, Ålvundfjord, 15. mars kl. 10 – 16

Arrangør: Ålvundfjord bygdalag

Målgrupper: Personar som har kulturminne, folk i grunnskulen, kulturinteresserte i historielag og museumslag, kulturpolitikarar og – byråkratar, næringsaktørar spesielt innan bygningsvern og turisme.

Målsetting: Gje praktisk informasjon og idéar til korleis kulturminne kan takast vare på og få fram verdiskapinga.

Påmelding gratis seinast onsdag 7. mars (pga. mat o.a. praktisk) til Nils Ulvund, 6622 Ålvundfjord, 716 98288, 90 02 71 61 eller helst e-post: nils.ulvund@sunndals.net (Etterpåmelding kan gå.)

Konferanseleiar er Ole Magne Ansnes

Program

1. Velkomsthelsing og kulturinnslag.
Praktisk opplegg for dagen
2. Bakgrunnen for arrangementet v/ Nils Ulvund.
Kulturminnefondet sin rolle v/ Per Helge Malvik
3. Identitet og kulturminne v/ Lars Steinar Ansnes
4. Skimuseum og lokalt rotfeste v/ Ola T Heggem
5. Inspirasjon frå Vågå og Norsk kulturarv v/ Simen Bjørgen
6. Kulturminne sett frå fylkesadministrasjonen v/ Jens Peter Ringstad
7. Handlingsboren kunnskap v/ Jon Godal
8. Grindløerrestaurering og Storfjordens venner, v / Asgeir Kvernberg
9. Kulturminne og kulturlandskap som utgangspunkt for verdiskaping i nasjonalparkar v/ Karoline Daugstad
10. Om SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket) og støtte til kulturlandskapstiltak v/ Marit Hjellmo
11. Avslutning og oppsummering med korte innlegg av deltakarane.
Konkrete oppfølgjingsidéar.

Demonstrasjon av handlingsboren kunnskap

Edvard Røkkum skal få med 5 – 7 elevar og ein lærar på å setje opp ei stavlinebygning ute i løpet av dagen. Deltakarane får oppleve gangen i dette arbeidet i innlagte pausar. Dei vil og få idéar til korleis skulen kan samarbeide med dei som ønskjer å dra skulen inn i kulturvern.

Om innleiarane

Per Helge Malvik er styremedlem i Norsk kulturminnefond, har vore styreleiar i Nordmøre museum og er no leiar i Sunndal Næringssselskap.

Lars Steinar Ansnes har skrive bok om historia, kulturlandskapet og folket i Kvenndalen i Surnadal og er redaktør i Aura Avis.

Ola T Heggem har vore ordførar i Rindal, statssekretær i landbruksdepartementet og er ordførar i Rindal.

Jens Peter Ringstad arbeider med kulturvern i fylkeskommunen.

Simen Bjørgen er leiar ved Norsk kulturarv i Vågå. Som ordførar i Vågå fekk han kunnskap om korleis mange kulturminne vart tekne vare på der. Han vil bl.a. ta for seg korleis skulane kan engasjerast i kulturminnearbeid.

Jon Godal kan seiast å vera nestor i norsk tradisjonshandverk både når det gjeld hus og båt. Han har ein unik formidlingsevne og uttrykka handlingsboren kunnskap er skapt av han. Den handlingsborne kunnskapen blir vidareført i stiftinga Husasnotra i Valsøyfjorden. Der får næmingar vidare utdanning etter svennebrevet.

Asgeir Kvernberg er lærar på Skarbø skule i Ørskog på Sunnmøre, og er utdanna allmennlærar med vekt på forming.

I mange år har han arbeidd med å formidle og vidareføre den tradisjonelle vestnorske byggemåten, grindbygg, til barn.

Han har både restaurert og bygd nye grindbygg med elevar på barneintrinnet. Denne måten å formidle arkitektur og lokal tradisjon på har mange fine tilleggsverdiar.

Karoline Daugstad er samfunnsgeograf og er no ved geografisk institutt ved NTNU. Har tidlegare vore forskar ved Bygdeforskning. Har arbeidd med bruk, vern og forvaltning av både natur- og kulturressursar. Forvaltning og verdiskaping med kulturminne og kulturlandskap har vore utgangspunkt, seterkultur blir da eit stikkord. I det seinare har ho forska på bygdeturisme.

Marit Hjellmo er fagkonsulent for jordbruk i Sunndal kommune og har ansvar for SMIL-ordninga. Ho er og bonde og har erfaring med istandsetting av seterhus.

Edvard Røkkum er ein unik formidlar av handlingsboren kunnskap til barn og unge. Det har han bl.a. vist da han var ved museet i Tingvoll, som fri viking og ved rydding av fangstminne i lag med ungdomskule-elevar.

Ole Magne Ansnes er kultursjef i Sunndal kommune

Velkomne til Ålvundfjord og ein dag med inspirasjon og praktiske idéar.



Ålvundfjord 17. februar 2012

Ålvundfjord Bygdalag